



SELJE KOMMUNE
6740 SELJE

SØKNAD OM TILDELING AV TOMT I KOMMUNALT BUSTADFELT.

(Søknad som avvik frå regelverket nedanfor må grunngevast, og vert då handsama særskilt)

Namn.....

Adresse..... Telefon.....

Eg ynskjer å kjøpe tomt nr....., alternativt tomt nr.....

i byggjefelt.....,

reguleringplan..... nr.....

Eg er kjend med reguleringsplanen og dei vedtektene som gjeld, og vil rette meg etter dei.

Eg er villig til å betale den pris og tilkoplingsavgift som er/vert fastsett for tomta, og å rette meg etter dei gjeldande reglane for betaling og byggefrist.

....., den 20.....

Underskrift

Reglar for tildeling, betaling og byggefrist, gjeldande frå 20.12.2010 og vedteke av Selje kommunestyre den 20.12.2010, sak KS-068/10

1. Tildeling av tomt vert gjort fortløpande etterkvart som søknadene kjem inn, med mindre det er fleire interessantar til same tomt. Det vert i dette tilfellet lutdraging mellom interessentane om kven som får tildelt tomta. Det same vert gjennomført dersom tomtene i eit bustadfelt samla vert lagt ut til sals med annonsert søknadsfrist.

2. Byggefrist er 1 år frå tildeling av tomta, eventuelt frå tomta er klar til bygging. Kommunen kan etter særskilt søknad dispensere frå denne fristen dersom tilgangen på tomter i området er god, eller dersom særskilte tilhøve gjer det rimeleg med lenger frist.
3. Straks etter mottak av aksept på tildeling av tomt, vil Selje kommune rekvirere oppmåling av den tildelte tomta. Så snart oppmålingsarbeidet er ferdig og målebrev utferdiga, vert det sendt ut krav om betaling for tomt, inklusive alle kostnader, i kommunale bustadfelt. Husbygging eventuelt andre fysiske tiltak på tomta må ikkje setjast i gang før kravet er betalt.

Vert ikkje det utsendte kravet betalt innan forfallstidspunktet, vert tomtetildelinga trekt attende, og tomta vert på nytt lagt ut for sal.

4. Tomteprisen i kommunale bustadfelt er fastsett av Kommunestyret. Den prisen tomtekjøpar skal betale, er den som er gjeldande på søknadstidspunktet.
5. Skøyte på tomta vert skrive ut etter at tomta er betalt. Det skal påførast rett for kommunen til å kjøpe attende tomta til den kommunale tomteprisen kjøparen har gitt, dersom bygging ikkje finn stad innan eittårsfristen eller innan den fristen som kommunen har sett, jfr. pkt. 2 ovanfor. Kostnader ved slik tilbakeføring vert belasta seljar.
6. Innbetalt kjøpesum vert betalt attende dersom nokon seier frå seg ei tildelt tomt, eller dersom tomta vert inndregen ved at byggefristen i pkt. 2 ikkje vert oppfylgd. Utført arbeid på tomta vert ikkje kompensert. Eventuelle oppryddingskostnader kommunen får ved tilbakeføringa vert belasta seljar. Tinglysingsgebyr og andre overdragingskostnader ved tilbakeskøyting er kommunen uvedkomande. Utgifter påført kommunen ved tilbakeføring av tomt, vert trekt frå i refusjonsoppgjeret.